

## REFERAT: STYREMØTE SOFUL, 8.11.2018

Sogn og Fjordane  
Ungdomslag

### Referent:

Christoffer Knagenhjem  
Mob.: 48004817  
E-post: [christoffer@ungdomslag.no](mailto:christoffer@ungdomslag.no)

ORGNR. 974805677  
WWW.SOFUL.NO  
WWW.FACEBOOK.  
COM/SOFUL/

### SAKLISTE:

- Saklista vart sendt ut tysdag 6.11.2018.
  - Knut meldte inn sak om felles bornestemne med Hordaland onsdag 7.11.2018. Saklista vart oppdatert same dag.
1. Kulturbyggkonferansen. Oppsummering, kva gjer vi vidare?
    - a. Sjå eige vedlegg.
  2. Jul i Sogn, Jul i Sunnfjord, Julehefte.
    - a. Status. Sal, prising, marknadsføring mm.
    - b. I Sogn er planen at Fjærland Barnekor vil synge på førjulskveld på Sogn folkemuseum og Sogningen storsenter. Er noko liknande aktuelt andre stader?
  3. Valnemnda i Førdefestivalen har bedt om innspel til kandidatar til styret (både styremedlemmar og vara) til festivalen.
    - a. Styremedlemmer må gjerne tenke på aktuelle kandidatar til styremøtet.
  4. Status for bornestemnet.
  5. Felles bornestemne med Hordaland i 2019.
  6. Ymse.

### Kulturbyggkonferansen:

Christoffer gjekk gjennom arbeidet med kulturbyggkonferansen. Tross stort fokus på å informere om konferansen blant huseigarar og andre potensielt interesserte lukkast det ikkje å få nok påmeldingar til konferansen.

- Kvifor fekk vi ikkje nok påmeldingar? Tema for konferansen vart diskutert, men styret var nøgd med val av tema. Årstdid burde òg vere gunstig for slike konferansar.
  - Er huseigarar nøgd med dagens tilbod, slik at kulturbyggkonferansen ikkje fenger?
  - Kan det likevel vere at anna tid på året er meir gunstig?
  - Skal vi forsøke å lage felles konferanse med Hordaland eller Møre og Romsdal?
- Reiseavstand kan verte eit problem. Særleg for små hus med avgrensa økonomi.

Konklusjon: Christoffer vil sende ut spørjeundersøking for å avklare kva framtidige forventingar huseigarar har, og om dette er noko vi skal jobbe vidare med. I så fall vil vi sjå nærmare på om vi skal lage felles kulturkonferanse med ein anna region.

### Julehefte og julesongheftet.

Orientering om arbeidet frå redaksjonen: Generelt har arbeidet vore positivt, ganske lett å få stoff. Særleg gjeld dette Juleheftet for Sunnfjord. Noko som borgar godt for framtida for dette bladet.

- Pris vart diskutert: I år er følgande prisar bestemt: 95,- for Jul i Sogn, 100,- for jul i Sunnfjord, (litt større), 75,- for julesonghefte.



## **REFERAT: STYREMØTE SOFUL, 8.11.2018**

- Distribusjon av julesonghefte: I år konsentrerer vi oss om bokhandlarar, med nokre unntak der det ikkje er bokhandlarar, men bur mykje folk som tradisjonelt har vore flinke å kjøpe bladet (som på Coop Extra i Kaupanger).
- Christoffer snakker med Coop Extra i Kaupanger
- Christoffer tar ansvar for å lage skriv som følger med blada som blir utlevert til salstadene. Han ordnar også med skriv/kvitteringsmal som viser kor mange nr. kvart utsal har fått utlevert. Få levert Jul i Sogn i Veitastrond (to artikler i heftet derfra).
- Profilering av julesongheftet: 5. desember, museet, 15. desember, Sogningen storsenter. 30. november er det boklansering i Førde, selge juleheftene i tillegg denne dagen.

### **3. Forslag til styremedlem og vara til styret i Førde**

- Valnemnda tok kontakt med Christoffer og bad om innspel til styremedlem og vara. Styret vedtok å spele inn Christoffer som forslag til styremøte og at han tek kontakt med Alf Jørgen og dei ev. har fleire innspel til kandidatar. Om det vert aktuelt, kan Christoffer kan nyte av arbeidstida til styrearbeidet.

### **4. Status for bornestemnet 2018**

- Hildegunn hadde fått beskjed frå Eikås om at det var vanskeleg å få til bornestemne i 2018. Styret vedtok at SOFUL vil legge til rette for at Eikås kan arrangere stemnet over ein dag (laurdag 24. november) og ikkje heile helga om det gjer det enklare for dei. SOFUL bidreg i så fall med 5 000,- og vil sjå nærmare på ev. dugnad i tillegg.

- Sjølv om det er nedgang i talet på born i Fjærland, registerer styret at det er positive tendensar, med oppstart i Sandane og Viksdalen. Vi vil og forsøke å invitere dei til bornestemnet i Eikås.

### **5. Bornestemne 2020.**

Knut informerte om at han blitt kontakta om det var aktuelt å arrangere felles bornestemne i 2019.

- Felles fylkesstemne i 2020 med fylka Hordaland og Sogn og Fjordane.
  - o Hordaland UL, SOFUL og Fjærland UL som lokal tilskipar.
- En av de siste helgene i juni. 2 overnattingar.
- Truleg kan vi forvente 50-60 Deltakrarar
- Har skulen kapasitet?
- Ev. Campinga i Fjærland, 50 eller fleire. Pris 160,- pr. natt.
- Hordaland vil bidra med 10 000 og noko dugnad.
- Dugnad, vakter, frukost osv. og til arrangement, kajakk, skyttarlaget, strandvolleyball, ballbinge, tur osv. De får val/alternativ de kan velje på forhånd.

Styret vedtok at SOFUL bidreg med 10 000,- og dugnadsinnsats.

### **Anna:**

Inge informerte om bunadsframsyning i Oslo.

- Initiativ frå Mette Vårdal, avtroppande styreleiar i NU.
- Skape blest rundt bunaden i samband med arbeidet med å nominere den til UNESCO (immateriell kultur)
- Det vart diskutert om vi kan lage bunadsframvising her i fylket. T.d. i samband med gammaldanshelgen på hotell Alexandra (siste helga i april).

Styret vedtok å arbeide vidare med dette og invitere media i Sogn og Fjordane til å dekke saka.

